



Blodprøvetaking av fjørfe

Magne Kaldhusdal og Jorun Tharaldsen, Veterinærinstituttet i Oslo



Sjukehistorie

For å kunne tolke resultata, treng laboratoriet informasjon om når sjukdommen begynte, alder på dyra, og vaksinasjonsstatus. Opplys også om det vil komma supplerande prøver, slik at alle prøvene frå flokken kan undersøkast samtidig.

Tidspunkt og omfang av prøvetaking

Dersom ein mistenkjer ein infeksjon som finst i Norge, kan det vera nyttig med prøvetaking på to tidspunkt, (a) så fort som råd etter at problemet er oppdagat, og (b) nye prøver frå same flokken ca. 2 veker seinare. Dersom ein mistenkjer ein infeksjon som ikkje er påvist i Norge, kan det vera tilstrekkeleg med prøver berre på eitt tidspunkt; frå eit seint sjukdomsstadium eller til og med etter at problemet er over.

Antal prøver som trengst kan variere noe med kva for infeksjon ein mistenker, så det kan vera nyttig å diskutere dette med laboratoriet før prøvetaking.

Utstyr

Blodprøverør

Prøvetakar må sjølv skaffe blodprøverør. Fem ml store rør i mjuk plast (polypropylen), med tett propp, er veleigna. Rør av denne typen kan bestillast frå Heger AS, Rjukan, tlf. 35 08 14 88, faks. 35 08 14 99. Dei aktuelle røra går hos denne leverandøren under namnet TT-rør, artikkelnr. 1003, propp nr. 2, artikkelnr. 1151. Minste volum som kan kjøpast er sett på 500 rør og propvarer.

Prøverør skal vera utan tilsettingar, slik at dei gir serum når blodet koagulerer. I dei fleste tilfelle er det serum som trengst til analysen.



Utstyr til uttak av blod

Aseptisk uttak ved hjelp av steril kanyle er best med tanke på hygienisk kvalitet på prøvene. I kombinasjon med prøverør utan vakuum (som dei tilrådde røra omtalt ovafor) krev dette også sterile sprøyter, alternativt kan ein fjerne adapteren frå kanyla og la blodet drykke direkte ned i røret. Kanylen kan vera ca 1 mm tjukk og ca 15-30 mm lang. Ein kan også bruke Monovette. Det er sterile sprøyter med kanyler. Når blodprøva er tatt, bryt ein av stempelet og sprøyta fungerer som prøverør. Adresse: Sarstedt, Postboks 1317, 1401 Ski, telefon 64 85 68 20.

Uttak frå kutta vene vil føre til bakteriell kontaminering av prøvene, noe som krev rask transport til laboratoriet dersom ein skal unngå ueigna prøver. Ved kutting av vener er det ein fordel å bruke skalpellblad som gir minst mulig skade på vena (For eksempel Paragon nr. 12 med haldar, eller eit skalpellblad med rett knivsegg).

Prøvetakingsteknikk

Vengevena (Vena brachialis) er i dei fleste tilfelle den mest veleigna. Denne finn ein ved å plukke bort fjør frå undersida av humerusdelen av vengen. Vena ligg mellom to musklar (biceps og triceps), og kjem tydelegast fram viss ein gnir huda med væske. Dersom ein tar ut blod ved å kutte vena, bør ein tilføre huda desinfiserande væske (for eksempel 70 % etanol).

God fiksing av dyret og vengen er avgjerande for vellykka prøveuttak. Det optimale vil vera å ha ein medhjelpar til dette.

Ved uttak med kanyle fører ein denne inn i vena i motsett retning av blodstrømmen. Stikk inn så langt proksimalt som råd, da vena er tjukkast her. Dette krev dorsal strekking av vengen i skulderleddet, slik at ein kjem til med kanyle og sprøyte.

To ml fullblod vil vanlegvis vera tilstrekkeleg prøvevolum. **Ikkje fyll prøveglaset meir enn halvt.**

Etterbehandling

Røra må ligge flatt eller skrått i romtemperatur ein times tid for å sikre tilfredsstillende koagulering og utskiljing av serum. Deretter bør prøvene kjølast ned om dei ikkje skal sendast med ein gong. Prøvene må ikkje frysast!

Innsending og transport

Prøvene må emballerast godt, med materiale som absorberer utvendig trykk, og med solid ytre emballasje. Krav til transporttid må vurderast i forhold til mistanke om bakteriell kontaminering av prøva (venekutt) og temperatur under transporten (årstid osv).

Blodprøver som skal undersøkast for *Mycoplasma* skal analyserast seinast 72 timer etter prøvetaking. Blodprøver tatt ut med tanke på sertifisering av fjørfebesetning eller spesielt med tanke på *Mycoplasma*-diagnostikk skal derfor sendast inn til laboratoriet måndag, tysdag eller (seinast) onsdag, slik at laboratoriet får tid til å analysere før helga.

Litteratur

M.J. Alcorn (2008). How to carry out a field investigation. In M. Pattison, P. McMullin, J.M. Bradbury and D.J. Alexander (editors) 'Poultry Diseases', 6th edition, Saunders Elsevier, ISBN 978-0-7020-2862-5, pp. 14-47 (om blodprøvetaking s. 18-19).

A.J. Bermundez and B. Stewart-Brown (2008). Disease Prevention and Diagnosis. In Y.M Saif (Editor-in-Chief) 'Diseases of Poultry', 12th edition, Blackwell Publishing, ISBN-13: 978-0-8138-0718-8, pp.5-42 (om blodprøvetaking s. 34-35).